

HÆGEBOSTAD KOMMUNE

FØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR SANDVATN, ØVINGS- OG KONKURRANSEOMRÅDE FOR SNØSCOOTER, 2015-2019.

PlanID: 05001

REGULERINGSFØRESEGNER

Landbruks-, natur- og friluftsformål (PBL § 12-5)

LNF-formål kombinert med anlegg for motorsport

- a) Reguleringa gjeld i 4 år frå planen er vedteken. Området går tilbake til landbruksformål etter dei 4 åra om ny regulering ikkje ligg føre ved periodeslutt.
- b) I reguleringsperioden er planområdet regulert til landbruksføremål i perioden 2. mai til 31. desember, og til LNF-område kombinert med anlegg for motorsport i perioden 1. januar til 1. mai.
- c) Øvings- og konkurranseområdet er delt inn i to delområde - Delområde I og Delområde II. Grensa mellom delområda er vist i plankartet.
- d) Området skal merkast. Eiken snøscooterklubb er ansvarleg for at merkinga av området er synleg for dei som brukar området.
- e) All ferdsle i området i perioden 1. januar til 1. mai skal vera i regi av Eiken snøscooterklubb.
- f) Eiken snøscooterklubb pliktar til ei kvar tid å sende oppdatert medlemsliste til Hægebostad kommune, politiet og Statens Naturoppsyn.
- g) Området kan nyttast kvar 2. veke i perioden 1. januar til 1. mai. Ved øvingskjøring skal ein fortrinnsvis veksle på bruken av dei to delområda.
- h) Bruken skal vere døgntids- avgrensa slik at det ikkje er høve til å nytte området til kjøring mellom kl. 24:00 og 08:00. Dersom området skal nyttast utover døgntidsavgrensinga må det søkjast om dispensasjon med heimel i motorferdsellova.
- i) Det kan haldast 8 arrangement årleg innanfor eit av delområda. Av dei 8 arrangementa kan det vere 1-2 arrangement/konkurransar/ demonstrasjonskjøring i området i regi av Eiken snøscooterklubb der andre klubbar (nabokommunar) kan inviterast.
- j) Dersom det blir observert villrein i tilknytning til planområdet skal all aktivitet i området stoppast så lenge det er dyr i området.
- k) Det er ikkje høve til å oppføre bygningar eller permanente fysiske innretningar i området anna enn merking av plangrense og fareområde.
- l) Det skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg informasjon på kommunens heimeside om kva dagar/tid området er i bruk.
- m) Eiken snøscooterklubb pliktar å ha Internkontrollsysten (HMS) i henhold til internkontrollforskrifta og med bakgrunn i NMFs Miljøreglement, med ansvarspllassering, rutinar og instruksar for all aktivitet, herunder beredskapsplan for uønska hendingar.

Hensynssoner (PBL § 12-6)

Ras- og skredfare (310)

Områda skal merkast med fareskilt mot snøskred vinterstid.